

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22. og 23.11.2017

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet tek evalueringa av drosjeforvaltninga i dei prisregulerte områda i Hordaland til etterretning. Det er ein målsetnad at det er fleire løyvehavarar i kvar kommune.
2. Fylkesutvalet tek evalueringa av drosjeforvaltninga i Bergen køyreområde til etterretning.
3. Fylkesutvalet ber om at det vart lagt fram eiga sak med behovsprøving av selskapsvognløyva i Hordaland. I saka bør søknadsprosessen vurderast. Fram til behovsprøvinga ligg føre, bør det ikkje tildelast nye selskapsvognløyve i Hordaland.
4. Fylkesutvalet godkjenner at punkt 2.11 kulepunkt 2 i drosjereglementet for Bergen køyreområde går ut og vert erstatta av nytt kulepunkt:
  - «Rapport om kor mykje kvart løyve har køyrt i løpet av inntektståret innan 31. juli kvart år, jf. pkt. 3.5. Det skal gå fram tal på køyreoppdrag, brutto inntening (både kontant- og kredittkøyering) eksklusiv meirverdiavgift, køyrde kilometer for kvar einskild drosje, tal timar i drift, tal timar ledig, tal timar opptatt, tal køyreoppdrag, samt kor mange tilsette som har køyrt på drosjen i året.
5. Fylkesutvalet godkjenner at drosjereglementet for Bergen køyreområde får nytt 2. ledd:  
«I den daglege drifta kan løyvehavar med reserveløyve, nytta dette når løyvehavar sin ordinære drosje står i ro, dersom slikt byte inngår i ein dagleg skiftplan mellom dei to løyva.»
6. Fylkesutvalet godkjenner at ein held fast på prinsippet om fri flyt av løyvehavarar mellom sentralane, jfr. drosjereglementet for Bergen køyreområde punkt 3.6.